

Oslo biskop Kari Veiteberg

Preike ved feiring av Biibbal 2019, i Oslo domkirke

Lørdag 16. november 2019; Preiketekst: Joh 1,1–5.14

Kjære menigheit, gratulerer med dagen!

Det er ei stor glede for meg å vere med på denne høgtidlege feiringa av oversettinga av heile bibelen til nord-samisk, av Biibbal 2019, her i Oslo domkyrkje, i den byen i Norge med flest samar.

Og eg kan ikkje tenke meg noko meir passande bibeltekst som portal til denne dagen enn den vi nettopp las, dei heilt første orda i Johannes-evangeliet.

Johannes tar sats og startar heilt i begynnelsen , ”i opphavet var Ordet, / Ordet var hos Gud, /og Ordet var Gud.”

Hørde de det? Gud som ord før alle ting, og overalt og også her og no. For Gud vart ikkje *berre* ord, han vart kropp, eit menneske og kom og heilt nær. Ordet blir in-karnert: ikledd kjøt.

Tenk på kva det betyr, heilt inst i hjarta, å høyre ditt eige språk snakka, å høyre at nokon snakkar *med* deg på ditt eige språk og ikkje *om* deg på eit anna språk.

Slik har mange opplevd det heilt frå dei første biblane vart omsett til folkespråket her i Nord-Europa for litt over fem hundre år sidan. Den finske reformatoren Mikael Agricola blir f.eks rekna som det finske språkets far, fordi han omsette nettopp nytestamentet til finsk for snart fem hundre år sidan.

Dei av oss som har eit nært forhold til nynorsk veit kor viktig det var med nynorsk bibel og nynorske salmar. Teologen og politikaren Berge Furre sa eingong at kampen for nynorsk i kyrkjene også var ein kamp for å kunne be og

tru på hjartesspråket. Det var ikkje alle nynorskfolk som ville ha nynorsk i kyrkjene, «ein kan då ikkje tale med Gud med same språk som ein snakkar rundt kjøkenbordet,»! blei det sagt. Sannsynlegvis er det nokre som murrar litt over Biibbal 2019 også. Det er store dialektforskjellar innafor det nordsamiske og det kan være nokre ord ein ikkje synes passar så godt.

Martin Luther, som oversatte bibelen til tysk, skreiv at han hørte på folk på marknaddsplassen, på arbeidsfolk og gamle koner, då han skulle finne eit språk som både var forståeleg og gjenkjenbart til bibelen.

...

Ordet blir kropp. Bønn og tru er hjartets tale. Derfor må også kvardagsspråket, hjartesspråket, lyde i kyrkjene når vi tilbed Gud.

Hjartesspråket. Kva er det? Det er det ingen kan ta frå oss. Det ikkje tilfeldig at så mange av våre kjæraste salmar handlar om hjarte.

Det dei ikkje kunne ta frå oss. «Skriv deg Jesus på mitt hjerte» eller «Calle Jesu iezat gova». Eller: «Mitt hjerte alltid vanker» som i salmebokas nummer 38 også finst på lulesamisk og kvensk.

Etter ei lang historie med fornorskning, etter å ha blitt behandla som andreklassens borgarar, veit samar og også kvener kor viktig det eigne språket er.

Då den læstadianske vekkinga kom til Karasjok seint på 1800-tallet, blei det forkynt og samtalt både på finsk og samisk. Det blei sagt: «Finsk er troens språk. Samisk er kjærlighetens språk.»

For å oversette, må ein kjenne begge språka godt, både det ein oversetter frå og det ein oversetter til. Som sagt, Luther skreiv at han hørte på arbeidsfolk og

gamle koner, då han skulle finne eit språk som både var forståeleg og gjenkjenbart til bibelen.

Og det same må vi gjere, lytte oss inn: For kva betyr dei orda som Johannes skriv i starten på evangeliet sitt? I begynnelsen var ordet - «Og Ordet vart *menneske* / og tok bustad mellom oss./ Og vi såg hans *herlegdom*, /ein herlegdom som den einborne Sonen / har frå Far sin, / full av *nåde* og *sanning*.»

Kva er eit menneske?

Kva er herlegdom? Kva er nåde og kva er sanning?

Vi kan jo lette bli litt svimle og tenke at her strøymer store ord forbi, store ord langt over vår forstand og utan bakkekontakt. For kva er *nåde* og kva er *sanning*?

Då er det godt at det heile er *jorda* – jordfesta - i noko vi har meir enn ei aning om kva er, nemleg i å vere menneske. Menneske nemleg,

med kropp, hjarte og språk, både kroppsspråk og hjartespråk, faktisk.

Spesielt Johannes er god på å hekle og sy himmel ord jord saman. I Johannesevangeliet står det ofte om han som stig ned og som stig opp, på det viset blir det heilt menneskelege og det jordiske bunde uløyseleg saman med det himmelske og guddommelege.

Kanskje skal vi starte der, i dei erfaringane av å vere menneske og med-menneske? Kva betyr *nåde* og *sanning* då, for oss og dei andre vi kjenner? Då må vi ofte begynne å fortelje historier, slike som den samiske forteljetradisjonen er full av, om ho som gjekk ut og han som kom tilbake.

Førre søndagen feira eg jubileumsgudsteneste i døvekyrkja 125 år. Eg fekk høyre om ei fortid der ein fekk beskjed om å sitte på hendene sine, for det var norsk talespråk som gjalt. No kunne vi feire med tegnspråk og tegnpoesi. Det er spennande korleis alle uttrykk og ord der går gjennom teikn, dei må ut herifrå (*eg peikar på munnen, altså*) og ut i kroppen.

Og når vi snakkar saman, bør vi helst, enten vi er døve eller høyrande, sjå kvarandre helst i augehøgde, så vi kan sjå om den andre forstår, at vi snakkar same språk som vi seier, og for å merke på kroppen at orda ikkje er tomme, men blir fyllt av meining. På den måten kan dei bli *verkekraftige* ord. Som rører hjarto og som set i gong noko i oss.

...

Mari Helander, leder for samisk barnehage på Kampen fortel om hvilestunda: ”I låvvuen er det helt stille. Bålet knitrer i midten. De store barna ligger på hvert sitt reinskinn i en sirkel rundt bålet og lytter til de ulike natur- og dyrelydene som strømmer ut fra de små høytalerne som er plassert under hvert av barnas reinskinn.

En voksen guider barna gjennom hvilestunden med en nesten umerkelig tilstedeværelse.

Det er en «sømløs» overgang fra aktivitet til hvile

Gløtter man opp i taket på låvvuen så kan den lille åpningen ligne litt på en glorie. Det er høytidsstemning inne i «katedralen» .

Hvis du legger øret mot bakken og ligger helt stille kan du høre det store varme reinhjertet banke under jorden i takt med barnas hjerteslag..

En påminnelse fra Moder Jord om at vi må ta vare på hverandre og omgivelsene våre. Alt dette har vi bare til låns. Giitu/takk.”

Ordet vart kropp og «tok bustad mellom oss.» Det greske ordet tok bustad/tok bolig er faktisk: «å slå opp teltet sitt».

Jord og himmel blir vevd saman. Skaparen - Ordet frå opphavet - slår opp sitt telt her hos oss.

Ordet er frå Gud og er Gud og har virkekraft.

La oss alle som i samisk tradisjon,

leggje øyro mot bakken

og høyre Guds hjarteslag i naturen og det som skjer rundt oss,

-høyrer vi også godt etter, er det også kanskje mogleg å høyre Jesu fottrinn der han går føre oss i retning av dei som har det vondt og lid

I vår samanheng trur eg det er viktig å ikkje gløyme solidariteten med andre urfolk kloden over, også dei skapte i Guds bilde og med ein lang kamp mot overmakta bak og framføre seg.

....

Det handlar ikkje *om* kroppslaus nåde og sanning. Det dreier seg om å *kroppslag* - *gjere* ord og sanning:

Nåde vere med deg! Ver ikkje redd! Fred vere med deg!

Ordet er kome oss nær, i hjarto våre.

Til det er det berre å seie: Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage Ande som var, er og vere skal ein sann Gud frå æve til æve. Amen.